

Til NVE

Innspel til nasjonal ramme for vindkraft på land – Solund og Ytre Sula

Det vert vist til at det no vert køyrt nye rundar med å vurdere Solund, Ytre Sula og andre stader i Noreg som lokasjonar for vindkraftanlegg.

Eg viser til min høyringsuttale av 10. oktober 2011, som då hadde sitt utgangspunkt i konsesjonssøknader for Ytre Sula og Ulvegveina vindparkar. Høyringsuttalen følgjer nedst i dette innspelet. Alle mine poeng, innspel og synspunkt er like relevante i dag. I tillegg kjem ny forskning og ny utvikling og forsterkar denne relevansen. Her kan nemnast lågfrekvent lyd (vibrasjonar), høgfrekvent lys (blink), nye høgder på mastene (inntil 250m), nye avstandskrav for turbinar til bebygde område.

Minner også om at folkerøystinga for og mot vindkraft i Solund, gav resultatet NEI for dei store vindkraftprosjekta i den førre prosessen. Uavhengig av ståstad; - vindkraftprosessen var ein vond prosess for Solund-samfunnet, som sette spor etter seg. Dette vil vi ikkje oppleve igjen.

Eg ber om at både mine tidlegare innspel og det nye avsnitt 6. som er nemnt i neste avsnitt, vert tatt med som innspel, når NVE no skal vurdere vindkraft i område som femnar om Solund.

6. Solund er midt i «Sognefjorden kystpark» - vil søke status som «UNESCO Global GEOPark».

Idéen om «Havparken» som er nemnt i høyringsuttalen min frå år 2011, er no vorten ei røynd. Sognefjorden kystpark vart stifta den 17. januar 2017. Parken vart i mai 2017 godkjent som den 6. av i alt 8 nasjonale regionalparkar.

Solund og det geologiske fenomenet «Solund-bassenget» ligg midt i sentrum av denne parken.

Denne hausten starta eit forprosjekt som har som føremål å utgreie denne kystparken som ein framtidig «UNESCO Global GEOPark». Hovudprosjektet er tenkt å starta opp i år 2019 / 2020. Leiande norske geologar har stadfesta at Ytre Sogn og dermed Solund, er eit av områda som mest kvalifiserer for å få denne internasjonale statusen. Under følgjer NGU sin uttale om dette:

Deres ref.:
Vår ref.: 17/00512-1

Trondheim 07.09.2017

Saksbehandler: Tom Heldal

HAFS-REGIONEN OG UNESCO GLOBAL GEOPARK

I forbindelse med forprosjekt/vurdering av HAFS-regionen og muligheter til å oppnå status som UNESCO Global Geopark, har NGU følgende uttalelse:

- UNESCO Global Geoparker kan beskrives som "single, unified geographical areas where sites and landscapes of international geological significance are managed with a holistic concept of protection, education and sustainable development" (se [UNESCO websider](#)).
- En absolutt betingelse for å søke om status og medlemskap i UNESCO Globale Geoparker er altså geologiske steder og landskap av internasjonal verdi. Dette evalueres av et uavhengig, internasjonalt ekspertpanel som første trinn i en søknadsvurdering.
- Det er NGUs oppfatning at området kan vise til to felt der synlige geologiske elementer av internasjonal verdi kan dokumenteres.
- Begge feltene dreier seg om hvordan fjellkjeder blir dannet, dokumentert i restene av den Kaledonske Fjellkjeden (440 til 370 millioner år siden) som er godt representert og synlig i landskapet.
- Det ene feltet dreier seg om en fjellkjedes vekst og dannelse. Det skjedde ved at to kontinenter kolliderte, og det ene ble presset under det andre dypt ned i jordas indre. Ytre Sogn er et internasjonalt anerkjent område for å studere slike dypdykk av kontinenter, og berggrunnen kan vise til bergarter dannet på ekstremt store dyp. Derfor kan for eksempel observasjoner i området brukes til å forutse hva man kan forvente å finne i røttene til Himalaya.
- De andre feltet dreier seg om hvordan høye fjellkjeder kolliderer av sin egen vekt og de prosesser som virker rundt en fjellkjedes «fall» - erosjon og avsetning av mektige sedimentbassenger (Devonfeltene) kombinert med gigantiske utglidninger og forkastninger. Også på dette området er HAFS sterkt anerkjent internasjonalt som et typeområde.
- Innenfor begge disse feltene er det publisert svært mye vitenskapelige artikler av høy kvalitet, og det er jevnlig internasjonale ekskursjoner i området.
- I tillegg til de ovenfor nevnte feltene vil vi også påpeke at det er publisert geologiske kart og beskrivelser fra området meget tidlig (allereste 1822-24). Disse beskrivelsene, og i særdeleshet kartene som medfølger, bør fremheves blant banebrytende pionerarbeid innen utvikling av geologi som vitenskap.

Det er altså NGUs konklusjon at geologien i HAFS-regionen oppfyller kriterier til å være «of international geological significance». Det vil si at vi mener at minstekravet til å søke UNESCO Global Geopark er oppfylt. Vi vil understreke at denne uttalelsen kun gjelder de geologiske kriteriene, ikke de andre.

Vennlig hilsen

Tom Heldal

direktør Geologiske ressurser og miljø

Eg antar at NVE har forstått at eit vindkraftprosjekt i Solund set omfattande og irreversible spor i eit internasjonalt anerkjent og unikt landskapsområde.

Eg antar at NVE skjønner at å bygge ut vindkraft med dei dimensjonane det her er snakk om, ikkje kan gjerast på lokalsamfunnet og naturen sine egne premisser.


Eg antar at NVE skjønner at å starte opp ein ny prosess i Solund vil vekke til live latente konflikter og rive opp i gamle sår.

Så kjære NVE; - eg ber om at sakshandsamaren som skal vurdere om Solund skal verta ein av dei utvalde lokasjonane for nasjonal vindkraftindustri, tek seg bryet verd og vitjar Solund og tek pulsen på Solund-samfunnet; - før sakshandsaminga tek til. Det trur eg både vil hindre ei sann pengeødsling og ikkje minst ein unødvendig og destruktiv omkamp i Solund-samfunnet på vindkraft.

Med venleg helsing
Kjell Mongstad

Sitat frå Forstudie UNESCO Global GEOpark - eit nytt fyrtårn for HAFS?

«Vi har en helt unik geologi i verdensammenheng. Her møtes gamle Europa og gamle Amerika – her er restene etter en av de største fjellkjedene som noensinne har eksistert! Og ikke minst er et av verdens første, moderne geologiske kart tegnet i nettopp vår region – av den tyske geologen Naumann i 1822 (se bilde).»



Kartet er oppbevart på Universitetet i Bergen.

«Det aller første geologiske kartet ble tegnet i Egypt for mer enn 3000 år siden, det er kjent som «The Turin Papyrus» fordi det i dag blir oppbevart i det egyptologiske museet i Torino, Italia. Dette er en skjematisk fremstilling av de gamle steinbruddene og gravene i Wadi Hammamat i Egypt. Moderne geologiske kart kom først langt senere, på begynnelsen av 1800-tallet i England.

Naumann's geologiske kart over Ytre Sogn følger i denne tidlige tradisjonen. Det er svært nøyaktig og derfor en uhyre viktig del av den geologiske forskningshistorien.

For øvrig:

Geologen Neumann gikk i Pontoppidans fotspor. Han kom faktisk til Ytre Sogn fordi Pontoppidan mente å ha sett mengder av fossiler i Solund på 1700-tallet. Etter en strabasiøs ferd i kamp med naturkreftene kunne Naumann avkrefte: Fossilene var ikke annet enn de mektige konglomeratene vi har i Solund, på Lihesten, på Værlandet/Bulandet og på Kvamshesten.

Akkurat disse bergartene og naturformasjonene vil kunne bli helt sentrale i en fremtidig UNESCO Global Geopark. For de er rester av verdens høyeste fjellkjede, fra da den eroderte og kollapset i devontiden, for 3-400 millioner år siden.)»

Høyringsuttale til Konesjonssøknad for: Ytre Sula Vindpark og Ulvegveina Vindpark

Viser til konesjonssøknad og konsekvensutgreiing for både Ytre Sula Vindpark og Ulvegveina Vindpark.

Eg ynskjer berre å koma med generelle innspel som gjeld for begge planane, i staden for å gå i detalj, sidan dette går på mitt heilskaplege inntrykk av arbeidet som er gjort.

Det er gjort eit omfattande arbeide og det skal kraftselskapa ha honnør for.

Her er mine innspel:

1. Kall ein spade for ein spade:

Dette er eit "Industriområde", ikkje "Park"; - korkje fornøyelsespark eller nasjonalpark.

Nemninga kan forleida ein overflatisk lesar til å tru at det vert etablert 2 store nye rekreasjonsområde i Ytre Sogn og Solund. Slik er det ikkje.

Det skal trass alt kontinuerleg rottere turbinvinger som er 90 /95 meter i diameter på 40 /46 turbinar i brorparten av Ytre Sula og Krakhellenipa / Kråkenes området. Turbinar som frå fundamentet og opp til toppen på vingspissen måler om lag 125m /145 m (Utvær Fyr er om lag 40 m.).

Det skal også sprengast ut tilkomstveggar og fundament til alle turbinane i kvart område.

Solund vert heretter ein industrikommune / kraftkommune, med eit av landet sine største satsingar på vindkraftindustri.

Kall ein spade for ein spade!

2. Mangelfulle opplysningar som går på heilskap på landskap - Solund er eit geologisk fenomen

Solund har landskapskvalitetar som i verdssamanheng er særmerkte.

Sognefjorden er eit verdskjent naturfenomen og ein verdskjent destinasjon.

Delar av indre fjordområde har sågar fått Verdsarv-status.

Den ytre delen av Sognefjorden, der Solund representerer inngangsporten, har nyleg fått Naturarv-status (regionalt kalla Kystarven).

Norges Geologiske Utredning har allereie nemnt landskapet som eit av dei mest geologisk interessante i verda; - sidan heile den geologiske verdshistoria kan lesast i landskapet vårt.

Nordsida av Sognesjøen, representerer i den samanheng den første synlege forkastninga etter Devon-tida.

Fokus på inngrep vert stort sett realtert til synlegheit frå nærliggande husvære.

Det vil vera eit faktum at store delar av Solund-naturen for alltid vil verta endra med desse utbyggjingane. Såra i naturen er og vert irreversible. At nokre husstandar ser inngrepa er irrelevant

Faktum omkring Solund sin unike geologi og korleis denne vert berørt og ikkje kan først attende til sin opphavlege tilstand med desse utbyggjingane, må utgreiast langt betre, dernest opplysast til innbyggjarane og til sist takast omsyn til ved handsaminga av søknaden.

3. Reiseliv

Eg ber dykk rette opp i ei svært mangelfull og utdatert utgreiing av reiselivet i Solund. Det er vanskeleg å sjå at det kan ha vore oppdaterte undersøkjingar på kva som faktisk rører seg i Solund og regionen pr. dags dato, på kultur- og reiselivsfronten.

Fordi det er så motstridande økonomiske interesser i reiselivsbransjen, så vil det aldri koma på trykk eit eintydig svar på om vindmøller i Solund er positive eller negative for reiselivet. Det er eg innforstått med og eg respekterer at andre meiner noko anna enn meg sjølv.

Mine innspel:

Underteikna har vore engasjert i reiselivsrelatert verksemd og prosjektarbeid for Solund i lengre tid. Eg har då fått den gleda å ha opplevd Solund saman med reiselivsguruar, eventbyrå, Turistkontor, journalistar, føredragshaødarar og andre reiselivsorienterte menneske som har reist land og strand og Noreg på kryss og tvers.

Felles multiplum på attendemeldingar er at "dette er noko av det mest særmerkte av natur som eg har vore borti". Utan unntak oppstår det ein fascinasjon av Solund, i høve til natur, kultur og menneske som ein møter.

Eg har vore engasjert i å utvikle reiselivspakkar, restauranttilbod, båthotell m.m. og seinast jobba fram Norsk Kystkulturakademi AS og Merkevere Solund AS / SolundMat AS.

Dei 2 sistnemnde verksemdar består av 47 eigarar som alle har som mål å gjera Solund kjent for sine natur- og kulturmessige kvalitetar og utvikle og selje produkt under merkenamnet Solund til ein best mogleg pris.

I eigarkontellasjoen kan det sjølv sagt vera eigarar som har eit anna syn enn det eg gjev uttrykk for her.

Kysten, også langsmed ytre delar av Sognefjorden, kan med alle dei planar som ligg føre, verta nærast nedbygd med vindmøller om nokre år.

1. Vert det vindmøller i Solund, vil det på kort sikt verta mykje verdiskaping i Solund. Dette kjem godt fram i konsekvensutgreiingane og i eit særskilt rundskriv til kommunen sine innbyggjarar frå Sula Kraft.

Spørsmålet er om kva som vil skje med reiselivsutviklinga på lengre sikt.

2. Den langsiktige konsekvensen er ikkje vektlagt i utgreiingane; - kva skjer når utbyggingsfasen er ferdig og normaliteten oppstår igjen? Kva vil skje om 10, 20 og 40 år? Vår naturarv, og dermed også våre framtidige verdiar, vil for alltid vera knytt til det Solund faktisk har fått tildelt naturgjeve; - herunder sjølv sagt også vinden.

Vil det verta auka tilflytting og tilreising til ein vindkraftkommune som går inn i rekkja av utallege andre vindkraftutbyggjingar langs Norskekysten?

Vert det like interessant å opphalde seg Solund etter utbyggjinga.

Vil det fortsatt vera interessant å skape samfunnsutvikling, næringsutvikling, bygge hus, hyttefelt, feriere på sine hytter, kjøpe overnatting-, mat-, og opplevingstenester etc. etter utbyggjinga?

Og kva skal vera Solund sin profil etter utbyggjinga?

Kva skal vera grunnlaget for vekst i framtida?

Korleis skal vi veksa?

Alle andre enn kraftselskapa er i så måte avhengig av ei berekraftig utvikling.

Kraftselskapa kan gjere slike utbyggjingar på grunn av dei enorme subsidiane og dei store

løpande inntektene.

Våre mange små sårbare verksemdar må sikre den jamne, gode veksten i framtida. Og dei vil verte like sårbare etter at utbyggingsfasen er over. Noko anna er ikkje skissert i konsekvensutgreiinga.

Denne ekstreme utbyggjinga vil gje ein kortsiktig oppsving.

Kva er det så som skal gje den langsiktige oppsvingen?

Og kva er den berekraftige måten å føra samfunnet vidare på?

Kan vi etter dette selja Solund som den unike, urørte og særmerkte kommunen?

Mitt svar:

Dimensjonane på desse møllene, inngrepa i naturen og konsekvensane elles, er hinsides alt som kan kallast naturleg og berekraftig utnytting av vinden/naturressursane i Solund.

Slike inngrep vil etter mi meining, føra til økonomiske store tap for reiselivssektoren i eit lengre perspektiv.

Vår naturgjevne profil, som er vår fremste salsvare og merkevare vil verta vesentleg forringa.

Eg kan sjølv sagt ta feil, men tek vi tsjangsen på det?

Vi lever i ein liten parantes av verdshistoria.

Dei som konsekvensutgreiier desse gigantutbyggjingane, må ha kvalifiserte tankar om korleis Solund skal få til ei berekraftig utvikling etter 5 år, etter 10 år, 20 år, 40 år.

Likeins må vi som meiner at ein annan veg er betre, skissere korleis vegen så skal gå.

Reiselivstrenden er klår; - det vert venta at tilreisande (også busetjarar) i framtida vil oppsøkja og oppleva levande, ekte og autentiske stader (jf. "geoturisme", "økoturisme", "sustainable tourism").

Solund representerer eit slik levande og autentisk samfunn. Naturen er særmerkt, kystkulturen er rik og levande, folkeferdet er flotte verdiberarar og samhaldet er godt. Slike levande samfunn er i dag mangelvare.

Tunge aktørar som SIVA er no i ferd med å lage eit nasjonalt satsingsområde i "Havparken", der Solund sjølv er meint å vera ein aktiv medaktør.

I denne satsinga vil Solund vera eit av dei viktigaste produkta. Denne satsinga vil stå i direkte motstrid til ei stor industriell vindkraftutbygging i same område.

Og på sikt vil, dette skape inntening for alle dei mindre verksemdene som er avhengig av at folketalet og ta tilreisande veks jamt.

I Solund vert det bygd opp verksemdar rundt lokalmatproduksjon av fisk og kjøt, der villsauen er meint å vera premium-produktet og såleis eit av verksemda sine særmerkte merkevareprodukt. Landskapet og naturkvalitetane er uløyselig knytt til denne villsauen og vi meiner at det øydeleggjande med ei storstilt industribygging i begge desse områda.

Solund har i ein lengre tidsperiode, synt at folketalet har halde seg stabilt. Unge familiar flyttar til, og dugnadsåndar er nyleg kåra til å vera på topp i landet.

Det same gjeld for statistikkar på nyetableringar i næringslivet år om anna.

Dette skjer sjølv om kommunen ikkje fløymer over av pengar.

Dette stadfestar at Solund er eit samfunn kan leve og blomstra uavhengig av mengder av kraftinntekter.

Storleiken på økonomien til ein kommune og folket som bur der, er difor ikkje synonymt med folketaletsvekst og trivnad. Dette er også lett å stadfesta statistisk!

Konklusjon:

Solund er i ein satsingsperiode for reiselivsrelaterte verksemdar. For mange av desse aktørane er det svært negativt at kommunen vert bygd ned med vindturbinar, vegnett og krafttrasear, og at kommunen får eit stempel som industrikommune eller kraftkommune.

4. Berre fokus på "de nære ting" - feilinformasjon

Friluftsmessige- og visuelle konsekvensar vert vurdert som små for dei som ikkje ligg innafør kraftselskapa sine definerte grenseverdiar.

Ravnenipa, Vardefjellet og Pollatind og mange fleire toppar, vert hyppig nytta av lokalbefolkning og reisande som utkikspunkt.

T.d. Ravnenipa vs. Krakhellenipa/Kråkenes og Utvær fyr ; - nærare bestemt det vesle fyret som vil koma til å stå der ute, lengst vest i havet, unnselig mellom alle desse kritkvite monsternøllene.

Frå desse utkikspunkta har heile Solund, geografien, geologien, historia vorte forklart til våre born og gjestar og tilreisande. Opplevinga har gjerne vore delt saman med ei appelsin, nistepakke og ein termos med varm kakao; - fredfullt, uforstyrta for tanke og syn .

Ikkje veldig ulikt dronning Sonja på Pollatind si oppleving forøvrig!

Toppen på Ravnenipa er svært attraktiv og lett tilgjengeleg som friluftsmål. Både i vest og aust vil ein heretter få ei diametralt annleis oppleving med ei vindkraftutbygging.

Det er såleis ei grov feilvurdering og feilinformasjon, når det kjem fram at det berre er få menneske som vert berørt av inngrepa på Ytre Sula

Faktum er at ein simpelthen reduserer heile Solund sin attraksjonsverdi for alle innbyggjarar og tilreisande som brukar naturen meir eller mindre aktivt.

Når det er så enkelt å sjå Utvær Fyr, Ulvegveina og Brosviksåta på ein middels god dag, så er mykje av biletmaterialet fullstendig misvisande for meg som sporadisk gjest på Ravnenipa.

5. Image, identitet, profil

Image, identitet og omdøme er eit sterkt veksande fokusområde og ikkje minst eit suksesskriterium for trivnad og vekst i eit samfunn.

Trass i utallige innspel i prosessen frå underteikna si side, så er ikkje konsekvensane ei slik formidabel utbygging utgreidd, korkje mot image, identitet og den profil som vår kommune i framtida skal marknadsføre seg under.

Utbyggingsplanane gjer at Solund kommune vil image-messig endra seg frå å vera kjent som den vesle urørte, eller varleg berørte, til å verta ein kraftproduserande, industriell kommune. Frå å ha fokus på det landskapsmessig urørte og unike, til å ha gjort irreversible inngrep i det unike landskapet.

Mongstad-utbygginga står kanskje som det næraste døme på korleis eit lite samfunn og ein heil region vart endra som følgje av eit vedtak om ekstrem industriell utbygging og vekst. Dette er eit døme på korleis ein eller fleire kommunar for alltid vil verta forbunde med dette namnet og korleis image, identitet og profil vert endra frå naturmessige perler, til Statoil Mongstad..

Vil vi ei slik endring?

Er det på sin plass å konsekvensutgreie slikt?

Burde vi kanskje gjort eit val på om vi vil ha vindkraft, først etter at vi har bestemt oss for på kva måte denne kommunen skal profilera seg som på lang sikt?

Vi bør konsentrere oss om framtida. Det er der vi skal vera resten av livet
(Mark Twain)

Hardbakke 10.oktober 2011

Kjell Mongstad